



NORGES  
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

**PROTOKOLL NR. : 01 i tingperioden 2011-2013**

**FRÅ** : Langrennsskomiteen

**STAD/DATO** : Skei, 05. september 2013

**TIL STADES** : Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Jo Inge Skålboness og Yngve Thorsen (adm)

**FRÅFALL** : Torunn Grut, Eivind Skår

**ANDRE OPPL.** :

**REFERENT** : Yngve Thorsen

**SAKER** :

**Sak 01 13-15** Godkjennning av innkalling og sakliste

**Sak 02 13-15** Konstituering av langrennsskomiteen

**Sak 03 13-15** Terminliste 2013-2014

**Sak 04 13-15** Handlingsplan 2013-2014

**Sak 05 13-15** Orientering om krinslagsaktiviteten

**Sak 06 13-15** Opplegg med ambulerande trenar

**Sak 07 13-15** Orientering om Sognefjellet Sommarskiskule 2013/

Trenarutdanning på Sommarsnø

**Sak 08 13-15** Rekneskap pr. 08.08.2013

---

**Eventuelt**

**Sak 01 13-15**

**Godkjennning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.

**Vedtak**

Langrennsskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**Sak 02 13-15**

**Konstituering av langrennsskomiteen**

**Bakgrunn**

- Val av nestleiar
- Val av medlem til anleggskomiteen
- Val av medlem til utd./ utv. komiteen
- Val av medlem til økonomi- og sponsorutvalet

**Vedtak**

Langrennsskomiteen gjer slike vedtak i saka:

- Nestleiar: Eivind Skaar



NORGES  
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- Medlem til anleggskomiteen: Oddmund Lefdal
- Medlem til utd./ utv. komiteen: Jo Inge Skålbones
- Medlem til økonomi- og sponsorutvalet: Arthur Hegrenes

### **Sak 03 13-15**

### **Terminliste 2013-2014**

#### **Bakgrunn**

Rammene for terminlista 2013-2014 vart lagt fram på Vårmøte 2013. Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 17. juni, med svarfrist 05. september 2013

Pr. 05. september er det komt inn følgjande innspel til terminlista:

#### **Førde IL**

*Hei, etter møte 19 06 13 har **Førde IL langrenn** følgande endringsforslag:*

**Sprintstafett, Vik**, endra dato frå 28 12 13 til 29 12 13 (ein dag meir mellom Ribberennet, 26 12 og dette arrangementet)

**Tverrfjelldilten** (ikkje terminfesta pr dato) avviklast 16 02, i staden for det oppsette Kalsetrennet (seedingsrenn for Birkebeineren, høver i dette tidsrommet)

**Kalsetrennet** ynskjer ein å avvikle søndag 30 03 i staden for oppsette 16 02. (ynskjer også å avvikle sonerenn for yngre årsklassar i samband med arr.)

**Jølsterrennet** (sonerenn Sunnfjord) avviklast 22 02 i staden for oppsette 23 02.

#### **IL Jotun**

*Hei !!*

*IL Jotun er satt opp med SFF Karusell Laurdag 22 feb 2014*

*Kan denne flyttes til midtuke - Onsdag 26.02.2013 ? (Lysløyperenn)  
Dette fordi store deler av arrangør staben er i Oslo på Ungdommens Holmenkollrenn !*

#### **Hardbagg IL**

*Hei*

*Såg at det var lagt inn feil dato Holmøyskarrennet - skal vere palmesøndag 13. april*

#### **Markane IL**

*Hei.*

*Kan du få tverrfjelldilten inn på terminliste den 15.februar?*



SØGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

### **Fj./ Vereide IL**

*Hei,*

*ser Rypeskarrennet er sett opp i mars. Etter fleire år med därleg veir/snøforhold, skifting av datoar osv, har vi kome til at Rypeskarrennet må arrangerast påskeafta uansett kor tid på året påska er! Alltid noken som er sure, og då føler vi at det er enklare å få aksept for avlysing påskeafta.*

*So vi ber om at det vert sett opp påskeafta i 2014 og (19.april)*

### **Syril IL**

*Hei!*

*Flott terminliste!*

*Ein ting: Klepparennet. 15. mars er ein vanskeleg dato for oss fordi mange funksjonærar er på Birkebeinarrennet. Vi foreslår i staden torsdag 6. februar.*

### **Hafslø IL**

*Hei*

*I forbindelse med KM helga i langrenn på Heggmyrane, er Leirdalen sett opp som reserve arena.*

*For Hafslø IL. er det ikkje aktuelt å arrangera skirenn i Leirdalen.*

### **Vedtak**

Langrennskomiteen gjer slikt vedtak i saka:

#### **Vedtak 1 – innspel Førde IL)**

- Sprintstafett i Vik 28.12.2013 vert flytta til 29.12.2013
- Kalsetrennet vert flytta frå 16.02.2014 til 30.03.2014
- Jølsterrennet vert flytta frå 23.02.2014 til 22.02.2014

#### **Vedtak 2 – innspel Jotun IL**

- SSFkarusell Jotun IL vert flytta frå laurdag 22.02.2014 til laurdag 15.03.2013

#### **Vedtak 3 – innspel Hardbagg IL**

- Holmøyskarrennet vert avvikla palmesøndag (søndag 13.04.2014)

#### **Vedtak 4 – innspel Markane IL**

- Tverrfjelldilten skal avviklast laurdag 15.02.2014
- SSF Cup Kleivanerennet vert flytta frå 15.02.2014 til 16.02.2014

#### **Vedtak 5 – innspel Fj./ Vereide IL**

- Rypeskarrennet skal avviklast påskeafta (19.04.2013)

#### **Vedtak 6 – innspel Syril IL**

- Klepparennet vert flytta frå laurdag 15.03 til laurdag 22.02.2014, og får status som SSFkarusell (sonerenn for sogn).

#### **Vedtak 7 – innspel Hafslø IL**

- Langrennskomiteen imøtekjem ikkje Hafslø IL sitt innspel, og ein fastheld Leirdalen som reservearena for KM 2014.



NORGES  
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Ein ser elles på innspelet til Hafslø IL som lite begrunna.

Vedtak 8 – innspel frå langrennkomiteen

- Ullsrennet 2014 skal avviklast med fellesstart

Vedtak 9 – innspel frå langrennkomiteen

- SSF Cup ÅTIL skal avviklast i klassisk

Vedtak 10 – innspel frå langrennkomiteen

- Ein skal avklare med Førde IL om SSF Cup o8. februar kan avviklast i duathlon.

Vedtak 11 – innspel frå langrennkomiteen

- Terminlista vert endeleg handsama i samband med Haustemøtet til Langrennkomiteen.

## **Sak 04 13-15**

### **Handlingsplan 2013-2014**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsen sin Strategiplan for perioden 2013-2017 er utsendt på førehand, saman med mal for Handlingsplan 2013-2014.

Langrennkomiteen sin handlingsplan bygger på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017.

Strategiplanen danner såleis grunnlaget for langrennkomiteen sine årlege handlingsplanar.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og handlingsplanen skal ha prioriterte tiltak for å følgje opp strategiplanen sine mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden skal gje oss størst mogleg grad av måloppnåelse.

I arbeidsprosessen med Handlingsplan 2013-2014 føreslår leiar og adm. at ein gjennomfører ei overordna drøfting m.o.t.;

- på kva område har langrennkomiteen lukkast i perioden 2012-2013?
- på kva område har langrennkomiteen ikkje lukkast i perioden 2012-2013?
- kva er langrennkomiteen sine 2-3 viktigaste hovudutfordringar i perioden 2013-2014

Denne drøftinga vil saman med Strategiplanen danne grunnlaget for utarbeiding av handlingsplan for perioden 2013-2014.

#### **Vedtak**

Langrennkomiteen si oppsummering:

- komiteen har lukkast med følgjande:
  - gode arrangement
  - fleire etablerte arrangørar



NORGES  
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- god utbreiing av langrennssporten i fylket
- positiv utvikling vedr. deltaking på krinsrenn (spesielt KM)
- krinslagssatsing (impulslag, krinslag og satsingsgruppe)
- opplegg knytt til nasjonalerenn og meisterskap (smøreteam)
- betre terminliste, med m.a. samla KM-helg
- gode sportslege prestasjonar på juniornivå
  
- komiteen har ikkje lukkast med følgjande:
  - variabel rekryttering, spesielt på jentesida
  - lite «trøkk» m.o.t. anleggsutvikling
  
- komiteen si hovudutfordring i perioden 2013-2014
  - styrke markedsarbeidet (oppfølging og nyetableringar)
  - vere tydlege m.o.t. målsetjingar for utøvarane knytt til krinsen på junior- og seniornivå

Med bakgrunn i skikrinsen sin Strategiplan 2013-2017 samt drøftingane i LK får leiari og adm. sjef fullmakt til å utforme langrennskomiteen sin handlingsplan for 2013-2014

Handlingsplanen blir endeleg handsama av Skikrinsstyret i samband med møte i oktober 2013.

### **Sak 05 13-15**

#### **Orientering om krinslagsaktiviteten**

##### **Bakgrunn**

Leiar i LK orienterte om krinslagsaktiviteten på følgjande punkt:

- gjennomført samlingsplanen som planlagt/god kvalitet på samlingane
- innført kvalitetsikring av samlingane
- gjennomført trenarmøte
- Balestrand-samlinga var svært vellukka
- revidert trenarrullering i samband med samlingane
- trenarspørsmålet knytt til samlinga i Ramsau 05.-19. oktober 2013

##### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering

### **Sak 06 13-15**

#### **Opplegg med ambulerande trenar**

##### **Bakgrunn**

Adm. og leiar i langrennskomiteen fremmar forslag om at ein skal etablere eit opplegg med ambulerande trenar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Føremålet med ei slik ordning er å legge til rette for kvalitativt gode treningar på tvers av skigruppene i dei ulike fogderia.

Ein ser føre seg eit opplegg med ein trenar som gjennomfører ei fellesøkt t.d. tredje kvar veke i kvart fogderi. Dvs. at trenaren har ein turnus med ei treningsøkt pr. veke.

Opplegget må i hovudsak finansierast av laga, men det er mogleg langrennkomiteen også kan gjere vurderingar m.o.t. omdisponering i eige budsjettet.

Gjennom ei slik ordning kan ein oppnå at fleire utøvarar får ei betre treningsfagleg oppfølging, samstundes som trenarane i dei ulike laga får fagleg påfyll. Vidare sikrar ein at miljøa i større grad kjem saman på tvers av klubbgrensene, og at treningsmiljøet vert større.

### Vedtak

Langrennkomiteen gjer vedtak om at saka skal drøftast med laga i samband Haustmøtet 2013.

#### **Sak 07 13-15**

#### **Orientering om Sognefjellet Sommarskiskule 2013/ Trenarutdanning på Sommarsnø**

##### **Bakgrunn**

Notat frå Eivind Skaar (medl. i langrennkomiteen) er utsendt på førehand.

*Tilbakemelding til sak 7:*

*Som ein av trenarane/aktivitetsansvarlege føler at eg må gje litt tilbakemelding på "Sommerskiskulen på Sognefjellet 2013".*

\* Velluka Sommerskiskule.

\* I utgangspunktet bør ein halde på oppsett plan slik den er. Vi kunne gjort justeringer på tids-sjema, men deltakarane og gruppene neste år kan vere annaleis.

\* To dagar på Sognefjellet, med ein dag imellom er best. Logistikken og organiseringa oppe med grupper og bruk av vestar er lurt. Likeeins å få lov til å bruke kjellaren på skihytta som oppbevaringsplass, og skuret ute til å lagre skia mellom dei to dagane. Vi kan organisere oss litt m.o.t avreise om morgonen for å starte fyrste økta før.

\* Viktig med godt med voksne på samlinga som i år.

\* God hjelp frå Fanaråken IL, og Bjørn IL.

\* Meiner det er rett å dele inn etter alder på aktivitetane, og så vert det naturlege grupperinger utifrå meistringsnivå og dagsform.

\* Kapasitet på sommerskiskulen slik vi hadde den i år, er omtrent det antall deltakarar vi hadde i år.

\* Alle deltakarane fann seg til rette i ulike grupper, eller i fleire grupper. Inntrykket mitt var at ingen vart gåande aleine. Registrerer at det vart "heimlengsel" blant nokre utøverar etter nokre dagar. Årsaker: problem med å sove, og skade. Desse kom attende etter ein liten kvil heime. Eit tilfelle der vi ikkje kunne sjå nokon årsak. Vedkommande såg ut til å ha det kjekt og hadde mange rundt seg, men .....(mor ordna opp)

**Potensial:**

\* Bruke deltagarane som øvingsobjekt på Trenar-kursa.

\* Kunne vi fått innlosjert impulslaget/kretslagsdeltakarar på motellet, kunne dei hatt samling, vore øvingsobjekt på Trenar-kursa også, og bytta på å vore trenarar/aktivitetsleiarar på sommarskiskulen.

(Beklagar at eg ikkje kunne komme på møtet, men håper punkta mine er nytte i evalueringa. Det kan stryke og legge til der de måtte ynskje. Yngve kan sikkert vere meir spesifikk dersom ynskeleg, og veit ein del som ikkje eg veit.....konklusjonen min er at vi har eit godt produkt, og at vi bør videreføre det opplegget som vart gjort i år med minimale justeringer. Om vi ynskjer eller greier å utnytte meir potensiale veit eg ikkje.....

*mvh  
Eivind*

Det kan elles leggast til at oppslutnaden kring Trenar I og II kursa i langrenn på Sognefjellet var svært god i år. Det var nærmere 30 deltagarar på Trenar II kurset, og nærmere 20 deltagarar på Trenar I kurset.

Ein skulle sjølv sagt sett at det var fleire deltagarar frå eige fylke, sidan det totalt ikkje var meir enn 3-4 personar frå Sogn og Fjordane som deltok på kursa.

**Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer samstundes vedtak om at Sognefjellet Sommarskiskule skal vidareførast i 2014.

**Sak 08 13-15**

**Rekneskap 08.08.2013**

**Bakgrunn**

Adm. presenterte rekneskap pr. 08.08.2013

**Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

**Eventuelt**

Med venleg helsing

Ref.

Arthur Hegrenes (s)  
Leiar LK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef